



Kartlegging av risiko og sårbarheit i helse- og omsorgssektoren

Tilleggsoppgåve til Øving Lyneld 2, 29. april 2015

På vegner av Helsedirektoratet kartlegger Fylkesmannen kva kapasitet kommunane har til å gi helse- og omsorgstenester også under hendingar som set samfunnet på store prøver. Vi ber om ei kort tilbakemelding på spørsmåla under innan utgangen av torsdag 30. april.

1. Korleis vurderer kommunen kapasiteten til å bemanne dei kommunale helse- og omsorgstenestene dersom eit utbrot av pandemisk influensa skulle føre til høgt (opp mot 25 prosent) sjukefråvær i arbeidsstokken?
2. a) Kva slag løysingar har kommunen for å sikre drift av helse- og omsorgsinstitusjonar og tenester til heimebuande dersom straum, IKT eller telefontenester blir borte over tid?
b) Har kommunen helse- og omsorgsinstitusjonar som manglar naudstraum for å sikre drifta under straumbrot?

I så fall:

- kva institusjonar gjeld det?
 - om lag kor mange personar vil anslagsvis bli råka av straumbrot på institusjonen/-ane?
3. I kva grad vil stengde vegar i eitt eller fleire døgn påverke heimebaserte helse- og omsorgstenester i kommunen?
 4. Kva type hending vil etter kommunen si vurdering i størst grad utfordre dykkar evne til å levere helse- og omsorgstenester?